

Forretningsvilkår

Disse forretningsvilkårene gjelder for: **Skattekista – Frå meg til deg**

Øyagata 17, 6868 Gaupne

E-post: skattekista@luster.kommune.no

Leige av stand

Du bookar og betalar for ein stand på nettsida vår:

<https://skattekista.wecircle.io/newbooking>

Ein leiger plass for 4 veker, og kan forlenge leigeperioden mot slutten om ein ynskje.

NB: Sjekk opningstidene våre på førehand, slik at du booker frå ein dag me har opent!

Informasjon om korleis du booker plass til varane dine i butikken:

1. Leig ein hylleplass og periode

Trykk på "Leig ein hylleplass". Der vel du kor mange mnd. du ønskjer å leige, og når du vil starte leigeperioden.

2. Registrer varene dine

Logg inn på "Min butikk". Første gong du loggar inn, trykkjer du på "Meld deg på no" og lagar ein brukar. Finn bookinga di og registrer varene du vil selje. Det er viktig at du beskriv dei godt og sett ein passende pris på plagget.

3. Lever og pris varane i butikken

Når leigeperioden startar, kjem du til butikken med varene dine. Du får utdelt klistrelappar med pris og strekkode for det du har registrert, som du fester på rett plagg. Du får også kleshengarar og det du treng ved ankomst. Me heng opp kleda dine der dei passar i butikken.

4. Følg med på salet

Du kan følge med på salet på "Min butikk" gjennom heile leigeperioden. Der ser du kva du har selt, kor mykje du har tent og kva du får utbetalt.

Går salet bra? Kom innom og fyll på med fleire varer så du har 10 varar til sals heile perioden du leiger – det kostar ingenting ekstra! Registrer produkta under «Min butikk». Vi printar ut prisetikettar til dei nye produkta dine når du kjem.

5. Når leigeperioden er over

Når leigeperioden er ferdig, kan du forlenge om du ønskjer det og det er ledig plass. Viss ikkje, kjem du og hentar resten av varene dine siste dag.

6. Utbetaling

Skattekista betaler ut sal ein gong i månaden, rett inn på bankkontoen din. Du får også ein e-post med oversikt over utbetalinga.

7. Betaling skjer gjennom VIPPS

Prislappar

Alle varer skal registrerast på førehand gjennom *Min butikk på*

<https://skattekista.wecircle.io/newbooking> via PC, mobil eller nettbrett.

Varer må registrerast med ei tydeleg beskriving som inkluderer farge, merke, kjenneteikn, storleik og pris. Til dømes: *Grøn Gant T-skjorte, str. s, 150 kr.*

Beskrivinga er viktig for å hindre bytte av prislappar og svindel. Difor må òg rimelege varer ha ei konkret beskriving – ikkje berre «T-skjorte 10 kr». Beskrivinga hjelper òg deg med å halde oversikt over kva du har selt.

Prislappar kan skrivast ut på kundedatamaskinene i butikken. Når leigeperioden startar, kontaktar du personalet som hjelper deg i gang. Dersom du vil endre prisen på ei eller fleire varer, må du oppdatere dette på nett før du skriv ut nye prislappar. Etter at ein prislapp er skriva ut, kan varebeskrivinga ikkje endrast. Prisen kan berre setjast ned. For å endre beskriving eller auke prisen må du registrere vara på nytt.

Når leigeperioden din går ut

Meld deg i kassa når du kjem. Du er sjølv ansvarleg for å tømme alle tinga dine, og sjekke over at du har fått med deg alt som ditt. Sjekk også «Lost and found». Varer utan prislapp skal ikkje takast ut av butikken. Personalet kontrollerer varene ved kassa. Om du ikkje rekk å hente tinga sjølv, kan du avtale nedpakking. Dette kostar 100 kr ekstra.

Mista varer

Dersom ei vare er borte frå standen, men ikkje er selt, ligg ho truleg ein annan stad i butikken. Kundar kan ombestemme seg og leggje frå seg varer tilfeldig. Ofte dukkar varer opp igjen, til dømes når ein annan leigetakar pakkar ned. Sjekk difor både din gamle stand, nabostandar og «Lost & Found»-hylla jamleg.

NB:

Skattekista tar ikkje ansvar for sjålne, tapte eller øydelagde klede. Oppdager me tjuveri eller ombyting av prislappar, eller anna hverk blir det meldt til politiet.

Skattekista står ikkje til ansvar ved brann- eller vass-skade. I forbindelse med brann, vass eller innbrotstjuveri kan din innbo-forsikring eventuelt dekke tapet – kontakt ditt forsikringsselskap for meir informasjon.

Utsal

Du kan halde utsal på standen din med 25 % eller 50 % rabatt.

På *Mitt Lidkøb*, under di booking, trykkjer du «Rabat» og vel ønskja prosent. Vi set opp rabattskilt

Eigedomsrett

Seljar er sjølv ansvarleg for å eige og ha rett til å selje varene på standen.

Det er ikkje lov å selje:

- Kopivarer (som vesker, klokker, lommebøker m.m.)
- Tobakk, alkohol, mat, våpen, fyrverkeri, kvitevarer, pornografisk materiale eller andre upassande varer
- Skarpe gjenstandar som knivar – desse må låsast inn i glasmonter

Brot på reglane fører til fjerning av varene utan varsel.

Det er heller ikkje lov å leggje visittkort eller annan reklame på standen.

Personalet kan avvise varer som vert rekna som uhygieniske, illeluktande eller skadelege for butikken sitt omdøme.

Angrerett og reklamasjon

Det er 14 dagars angrerett på standleige, men leiga vert ikkje refundert etter at leigeperioden har starta.

Bookar du mindre enn 14 dagar før leigeperioden startar, fråskriv du deg angreretten.

Følg oss på nett:

Facebook: Skattekista frå meg til deg

Instagram: Skattekistaframegtildeg